

02/24. Referat frå møte i Strandebarm sokneråd.

Møte starta kl.19.00 i kyrkja.

Frå soknerådet møtte desse: Renate B. Nernes, Helena de Groen, Kjell Hoff, Lillian H.Fosse, Margun M. Tordal, Tor Håkon Berge, Jorunn B. Lillefosse.

Forfall: Vetle Karlsen Eide.

Frå dei som er med som frivillige hjelparar i kyrkja, møtte Kåre Milje og Alfhild Tveitnes. Kyrkjetenar Monica Skogvoll var den som stod for brannvernøvinga.

SAKLISTE:

11/24: Brannvernøving i Kyrkja og kyrkjelydshuset, 19.00-ca. 19.30. Oppmøte: Kyrkja

Monica Skogvoll gjekk gjennom brannvernrutiner, kven har ansvar for å varsle, evakuera m.m. Kvar står sløkkjeutstyr/fyrstehjelpsutstyr. Dette skal gjennomførast minst ein gong pr.år med alle som deltek med frivillig arbeid i kyrkja

12/24: Orientering om kontoar som tilhøyrrer Strandebarm sokneråd.

Torleiv Ljones, som fører rekneskapen for soknerådet kom og orienterte om kva kontoar me har i soknerådet, og kva dei vert nytta til.

VEDTAK: Han fekk løyve til å avslutta konto for Strandebarm kyrkjeblad. Bladet blir ikkje lenger gjeve ut. Han vil også laga seg eit nytt rekneskapsopplegg i Exel til bruk for soknerådet. Det programmet han har brukt til no går lisensen ut på, og å fornya den er dyrt.

No tok det ordinære soknerådsmøte til.

Jorunn hadde ord for dagen med eit dikt av Rita Aasen, som heiter «Dyrebar»

13/24: Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereftrat.

VEDTAK: Dette vart godkjent utan merknader.

14/24: Meldingar.

Margun orienterte som desse sakene:

-Monica er tilbake i stillinga som kyrkjetenar frå 01.02.24.

-Vetle Karlsen Eide vil likevel fortsetja som prest i Strandebarm og Vikøy sokn.

-Golvet i salen i kyrkjelydshuset skal polerast/rubbast for å sjå om det blir betre.

-Kontaktperson til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, vert Jorunn Lillefosse. Kåre Milje tek seg av det praktiske arbeidet.

-Søndagsskolen startar opp 24.mars med Margun Tordal, Anne Marie Berge og Hannah Børsheim som ansvarlege. Møtestad vert kyrkjelydshuset.

-Det er sett saman ei «Orgelnemnd» som skal arbeida vidare med å få utbetra orgelet i kyrkja. Desse har sagt seg villige til å vera med: Oddvar Brakestad, Hallgeir Aase, Olav Tombre, Anne Knutsson, Ulf Krupka og Margun Tordal.

- Vikarprest Roar Strømme har i samarbeid med Fosse stiftinga, Folkeakademiet og Kvam mållag, fått laga til eit seminar 9-10 mai, der temaet fredag 10. mai kl.18.00 vert: Kunst, religiøs undring og tru i tekstar av Jon Fosse.

15/24: Soknemøte, årsmøtereferat og rekneskap.

VEDTAK: Årsmøte er sett til søndag 17.mars. Rekneskap og årsmøtereferat vert sendt ut til soknerådet av Margun. Har me merknader, så melder me frå til henne snart råd.

16/24 -17/24 – 18/24 vert utsett til neste møte.

Avslutta med Fader Vår og velsigninga.

Møte slutt kl. 21.15

Jorunn B. Lillefosse (ref)